

Vedlegg til skjema for melding om kvalifisert tillitsteneste – kvalifisert sertifikat for elektronisk segl

Namnet på tilbyder av kvalifisert tillitsteneste:
Kontaktperson (namn, e-post):
Dato:

Utfylt vedlegg skal sendast saman med skjema for melding om kvalifisert tillitsteneste til: firmapost@nkom.no

Informasjon om samsvarsvurdering

Namn på samsvarsvurderingsorgan	
Namn og dato på sertifikat utferda av samsvarsvurderingsorgan	
Namn og dato på rapport utferda av samsvarsvurderingsorgan	

Informasjon om avvik

Totalt tal avvik: (0-x)	Tal på vesentlege avvik: (0-x) Tal på mindre avvik: (0-x)	Overordna skildring av avvik avdekt av samsvarsvurderingsorgan med tilvising til relevant eIDAS-artikkel
Er tilbyder av tillitstenesta kjend med andre avvik som ikkje kjem fram i rapport frå samsvarsvurderingsorganet		(ja/nei) Dersom ja, kort skildring av avvik med tilvising til relevant eIDAS-artikkel
Merknader til eventuelle avvik		

Generelle krav til kvalifiserte tilbydarar av tillitstenester – dokumentasjon

eIDAS-artikkel	Kravskildring	Relevant standard	Relevante kapittel i policy/praksis, andre dokument med eventuelle merknader	Avvik (Ja/nei)	Inngåande skildring av kvart enkelt avvik, inkludert skildring av planlagde tiltak og tidsaspekt for å lukke avviket
5.1	Personopplysningar skal handsamast i samsvar med direktiv	EN 319 401, 7.13 (REQ 2, 5)			
13.1	5.4 Ved forhand om nr. 2 skal tilbydarar av kvalifiserte tillitstenester vere ansvarlege for skadar som forsettleg eller aktlaust vert påførte ein fysisk eller juridisk person som følgje av manglande etterleving av pliktene i denne forordninga. Bevisbyrda for at ein ikkje-kvalifisert tilbydar av tillitstenester har handla forsettleg eller aktlaust, ligg hos den fysiske eller juridiske personen som hevdar å ha lide dei skadane som er nemnde i første ledd. Ein kvalifisert tilbydar av tillitstenester vert rekna for å ha handla forsettleg eller aktlaust, med mindre vedkomande kan prove at skaden som er nemnd i første ledd, oppstod utan at vedkomande har handla forsettleg eller aktlaust.	EN 319 401, 6.2 (alle REQ) 7.1.1 (REQ 1-5)			
13.2	Når tilbydarar av tillitstenester på behørig vis varslar kundane sine på førehand om avgrensingane som gjeld for bruken av tenestene dei leverer, og når avgrensingane er	EN 319 401, 6.2 (alle REQ) 7.1.1 (REQ 6)			

	moglege å kjenne att for tredjepart, skal tilbydarar av tillitstenester ikkje vere ansvarlege for skadar som oppstår ved slik bruk av tenester som går ut over dei oppgjevne avgrensingane.				
13.3	Punkt 13.1 og 13.2 får anvending i samsvar med nasjonale reglar for erstatningsansvar.	EN 319 401, 7.1.1 (REQ 4)			
15	Når det er mogleg, skal tillitstenester og sluttbrukarprodukt som vert nytta ved levering av slike tenester, gjerast tilgjengelege for personar med nedsett funksjonsevne.	EN 319 401, 7.13 (REQ 2, 3, 4) EN 319 411-1, 6.9.3 (OVR 1) EN 319 411-2, 6.9.3 (OVR 1)			
19.1	Kvalifiserte og ikkje-kvalifiserte tilbydarar av tillitstenester skal setje i verk eigna tekniske og organisatoriske tiltak for å handtere tryggleiksrisikoar i samband med tillitstenestene dei leverer. Når det vert teke omsyn til den nyaste teknologiske utviklinga, skal dei nemnde tiltaka sikre at tryggleiksnivået står i forhold til graden av risiko. Det skal særleg setjast i verk tiltak for å førebyggje og minimere verknadene av tryggleikshendingar, samt for å varsle råka partar om skadeverknadene av slike hendingar.	EN 319 401, 5 (alle REQ) 6. 3 (alle REQ) 7 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.4, (alle REQ) 6.5 (alle REQ unnateke 6.5.8) EN 319 411-2, 6.4 (alle OVR) 6.5 (alle OVR, unnateke 6.5.8)			

19.2	Kvalifiserte og ikkje-kvalifiserte tilbydarar av tillitstenester skal så snart som mogleg, og seinast 24 timar etter at dei har fått kjennskap til tryggleiksbrot eller tap av integritet som i vesentleg grad påverkar tillitstenesta eller personopplysningar som vert oppbevarte i samband med levering av tenesta, varsle tilsynsorganet og eventuelt andre råka organ, til dømes relevant nasjonalt organ for informasjonstryggleik eller personvernstyresmakt.	EN 319 401, 7.9 (alle REQ) 7.11 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.4.8 (OVR 11, 5) EN 319 411-2, 6.4.8 (OVR 1)			
24.2	Ein kvalifisert tilbydar av tillitstenester som tilbyr kvalifiserte tillitstenester, skal:	EN 319 401, 6.1 (alle REQ) 7.12 (REQ 3)			
24.2 a)	- varsle tilsynsorganet om eventuelle endringar i levering av dei kvalifiserte tillitstenestene sine, og om ei eventuell intensjon om å innstille denne verksemda;	EN 319 411-1, 5.2 (alle OVR) EN 319 411-2, 5.2 (OVR 1)			
24.2 b)	- ha tilsette og eventuelt underleverandørar med naudsynt fagkunnskap, pålitelegheit, røynsle og kvalifikasjonar, som har fått eigna opplæring med omsyn til tryggleik og reglar for vern av personopplysningar, og nytte administrative og forvaltningsmessige framgangsmåtar som er i samsvar med	EN 319 401, 7.1 (alle REQ) 7.2 (REQ 1, 2, 3, 13) EN 319 411-1, 6.4.4 (OVR 1), 6.9.1 (alle OVR)			

	europiske og internasjonale standardar;	EN 319 411-2, 6.4.4 (OVR 1) 6.9.1 (OVR 1)			
24.2 c)	- når det gjeld risikoen for erstatningsansvar, jf. artikkel 13, ha tilstrekkelege økonomiske middel og/eller teikne ei eigna ansvarsforsikring i samsvar med nasjonal lovgjeving;	EN 319 401, 7.1.1 (REQ 4) EN 319 411-1, 6.8.2 (OVR 1) EN310 411-2, 6.8.2 (OVR 1)			
24.2 d)	- før inngåing av eit kontraktsforhold, på ein tydeleg og forståeleg måte informere kvar person som ønskjer å nytte ei kvalifisert tillitsteneste, om dei nøyaktige vilkåra for bruk av denne tenesta, inkludert eventuelle bruksavgrensingar;	EN 319 401, 6.2 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.1 (DIS 4-9) 6.3.4 (OVR 1-6) 6.9.4(OVR 1-3) EN 319 411-2, 6.1 (OVR 1) 6.3.4 (alle OVR) 6.9.4 (alle OVR)			
24.2 e)	- nytte pålitelege system og produkt som er verna mot endringar, og sikre den tekniske tryggleiken og pålitelegheita i prosessane som vert støtta av desse;	EN 319 401, 7.4 (REQ 1-3) 7.5 (REQ 1) 7.7 (alle REQ) 7.8 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.5 (OVR 1-7)			

		EN 319 411-2, 6.5			
24.2 f)	nytte pålitelege system for lagring av dei dataa som vert mottekne, i ei kontrollerbar form slik at: (i) dataa berre er offentleg tilgjengelege dersom det er innhenta samtykke frå personen opplysningane gjeld, (ii) berre autoriserte personar kan leggje inn opplysningar og gjere endringar i dei lagra dataa, (iii) ektheita til dataa kan kontrollerast;	EN 319 401, 7.5 (REQ 1) 7.7 (alle REQ) 7.8 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.4.3 (OVR 1, GEN 2-3) 6.4.6 (OVR 1) 6.5 (alle, unnateke 6.5.8) EN 319 411-2, 6.4.3 (OVR 1) 6.4.6 (OVR 1) 6.5 (alle, unnateke 6.5.8)			
24.2 g)	- setje i verk eigna tiltak mot forfalsking og tjuveri av data.	EN 319 401, 5 (alle REQ) 6.3 (alle REQ) 7.3-7.12 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.4 (alle, unnateke 6.4.7) 6.5 (alle, unnateke 6.5.8)			

		EN 319 411-2, 6.4 (alle, unnateke 6.4.7) 6.5 (alle, unnateke 6.5.8)			
24.2 h)	- registrere alle relevante opplysningar om data som den kvalifiserte tilbydaren av tillitstenester har utfærda og motteke, og sørge for at dei er tilgjengelege i eit rimeleg tidsrom, også etter at verksemda til den kvalifiserte tilbydaren av tillitstenester er innstilt, særleg for å kunne leggje fram prov i samband med rettargang og sikre kontinuitet i tenesta. Slik registrering kan gjerast elektronisk;	EN 319 401, 7.12 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.2.2 (REG 18, 19 eller 20) 6.3.4 (REG 7, 8, 17) 6.3.8 (REQ 2) 6.4.5 (REQ 4) 6.4.6(REQ 1) 6.4.9 (alle REQ) EN 319 411-2, 6.2.2 (REG 1) 6.3.4 (OVR 1) 6.3.8 (REG 1) 6.4.5 (alle OVR) 6.4.6 (OVR 1) 6.4.9 (OVR 1)			
24.2 i)	- ha ein oppdatert plan for opphøyr av verksemda for å sikre kontinuitet i tenesta i samsvar med føresegnene som er kontrollerte av tilsynsorganet i samsvar med artikkel 17 nr. 4 bokstav i.	EN 319 401, 7.12 (alle REQ) EN 319 411-1, 6.4.9 (alle OVR)			

		EN 319 411-2, 6.4.9 (OVR 1)			
24.2 j)	- sikre rettkomen handsaming av personopplysningar i samsvar med direktiv 95/46/EF.	EN 319 401, 7.13 (REQ 2, 5) EN 319 411-1, 6.8.4 (alle OVR) EN 319 411-2, 6.8.4 (OVR 1)			

Krav til kvalifiserte sertifikat for elektronisk segl – dokumentasjon

eIDAS-artikkel	Kravskildring	Relevant standard	Relevante kapittel i policy/praksis, andre dokument med eventuelle merknader	Avvik (Ja/nei)	Inngående skildring av kvart enkelt avvik, inkludert skildring av planlagde tiltak og tidsaspekt for å lukke avviket
24.1	Når ein kvalifisert tilbyder av tillitstenester utferdar eit kvalifisert sertifikat for ei tillitsteneste, skal vedkomande ved hjelp av eigna middel og i samsvar med nasjonal lovgjeving kontrollere identiteten til, og dersom det er relevant, eventuelle særlege eigenskapar ved den fysiske eller juridiske personen som det kvalifiserte sertifikatet vert utferda til. Opplysningane i første ledd skal kontrollerast av den kvalifiserte tilbydaren av tillitstenester anten direkte eller via ein tredjepart i samsvar med nasjonal lovgjeving:	EN 319 411-1, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (alle REG) EN 319 411-2, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (REG 1)			
24.1 a)	- ved fysisk tilstadevering av den fysiske personen eller ein godkjend representant for den juridiske personen, eller				
24.1 b)	- utan fysisk tilstadevering ved bruk av elektroniske identifikasjonsmiddel, der det før utferdinga av det kvalifiserte sertifikatet var sikra fysisk tilstadevering av den fysiske	EN 319 411-1, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (REG 1)			

	personen eller ein godkjend representant for den juridiske personen, og som oppfyller krava fastsette i artikkel 8 når det gjeld tryggleiksnivåa «vesentleg» eller «høgt», eller	EN 319 411-2, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (alle REG)			
24.1 c)	- ved hjelp av eit sertifikat for ein kvalifisert elektronisk signatur eller eit kvalifisert elektronisk segl, utferda i samsvar med bokstav a) eller b), eller	EN 319 411-1, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (alle REG) EN 319 411-2, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (alle REG)			
24.1 d)	- ved bruk av andre identifikasjonsmetodar som er anerkjende på nasjonalt plan, og som garanterer ei pålitelegheit som svarar til fysisk tilstadevering. Eit samsvarsvurderingsorgan skal stadfeste at garantiane er likeverdige.	EN 319 411-1, 6.2.2 (alle REG) 6.2.3 (alle REG) EN 319 411-2 6.2.2 (alle REQ) 6.2.3 (alle REG)			
24.2	Ein kvalifisert tilbydar av tillitstenester skal:	EN 319 411-1, 6.1 (alle DIS)			
24.2 k)	- dersom kvalifiserte tilbydarar av tillitstenester utferdar sertifikat, etablere og halde oppdatert ein sertifikatdatabase.	EN 319 411-2, 6.1 (OVR 1)			
24.3	Dersom ein kvalifisert tilbydar av tillitstenester som utferdar kvalifiserte sertifikat, avgjer å tilbakekalle eit sertifikat, skal vedkomande registrere tilbakekallinga i sertifikatdatabasen sin og offentleggjere statusen til sertifikatet	EN 319 411-1, 6.2.4 (alle REV) 6.3.9 (alle REV, alle CSS) EN 319 411-2, 6.2.4, (REV 1)			

	som tilbakekalla i god tid, og i alle tilfelle innan 24 timar etter mottak av oppmodinga. Tilbakekallinga skal tre i kraft straks etter at ho er offentleggjort.	6.3.9 (REV 1)			
24.4	Med omsyn til artikkel 24 nr. 3 skal kvalifiserte tilbydarar av tillitstenester som utferdar kvalifiserte sertifikat, informere eventuelle tenestebukarar om gyldigheita til, eller status som tilbakekalla for, kvalifiserte sertifikat som er utferda av dei. Slike opplysningar skal minst gjerast tilgjengelege for kvart enkelt sertifikat, når som helst og også etter gyldigheitsperioden til sertifikatet, på ein automatisert måte som er påliteleg, gratis og effektiv.	EN 319 411-1, 6.3.10 (alle CSS) EN 319 411-2, 6.3.10 (alle CSS)			
38.1	Kvalifiserte sertifikat for elektroniske segl skal oppfylle krava fastsette i vedlegg III.				
Vedlegg III	Kvalifiserte sertifikat for elektroniske segl skal innehalde:	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN)			
Vedlegg III a)	- ei angiving, som minst er i ei form som er eigna for automatisert handsaming, om at sertifikatet er utferda som eit kvalifisert sertifikat for elektroniske segl;	EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1, 2) EN 319 412-5, 4.2.1, 4.2.3			
Vedlegg III b)	- eit datasett som på ein eintydig måte representerer den kvalifiserte tilbydaren av tillitstenester som utferdar dei kvalifiserte sertifikata, som minst	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN)			

	inneheld opplysningar om kva for medlemsstat tenestetilbydaren er etablert i, og: - for ein juridisk person: namn og, når det er relevant, registreringsnummer oppført i offisielle register - for ein fysisk person: namnet på personen;	EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1, 2) EN 319 412-2, 4.2.3			
Vedlegg III c)	- minst namnet på seglfremstillaren og, når det er relevant, registreringsnummeret oppført i offisielle register;	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1, 2) EN 319 412-3, 4.2.1			
Vedlegg III d)	- valideringsdata for det elektroniske seglet som samsvarar med dataa for framstilling av det elektroniske seglet;	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1,2) EN 319 412-2, 4.3.11, 4.4.1, 4.2.5 RFC 5280			
Vedlegg III e)	- opplysningar om når gyldigheitsperioden til sertifikatet tek til og går ut;	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1,2)			

		RFC 5280			
Vedlegg III f)	identifikasjonskoden til sertifikatet, som må vere eintydig for den kvalifiserte tilbydaren av tillitstenester;	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1,2) RFC 5280			
Vedlegg III g)	- den avanserte elektroniske signaturen eller det avanserte elektroniske seglet til den utferdande kvalifiserte tilbydaren av tillitstenester.	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1,2) RFC 5280			
Vedlegg III h)	- opplysningar om kvar sertifikatet som støttar den avanserte elektroniske signaturen eller det avanserte elektroniske seglet nemnt i bokstav g), er gratis tilgjengeleg;	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1,2) EN 319 412-2, 4.4.1 RFC 5280			
Vedlegg III i)	- opplysningar om kvar tenestene som kan nyttast for å få kjennskap til gyldigheitsstatusen til det kvalifiserte sertifikatet, finst.	EN 319 411-1, 6.6.1 (alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1,2)			

		EN 319 412-2, 4.4.1, 4.3.11			
		RFC 5280			
Vedlegg III j)	- dersom dei elektroniske signaturframstillingsdataa som er knytte til valideringsdataa for elektroniske signaturar, finst i eit kvalifisert elektronisk signaturframstillingssystem, ei eigna angiving av dette, som minst skal vere i ei form som er eigna for automatisert handsaming.	EN 319 411-1, 6.6.1(alle GEN) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 3) EN 319 412-5, 4.2.2			
38.2	Kvalifiserte sertifikat for elektroniske segl skal ikkje vere omfatta av ufråvikelege krav som går lenger enn krava fastsette i vedlegg III.				
38.3	Kvalifiserte sertifikat for elektroniske segl kan omfatte ikkje-obligatoriske særlege tilleggsattributt. Desse attributta skal ikkje påverke samverkeevna eller anerkjenninga av kvalifiserte elektroniske segl.	EN 319 411-1, 6.6.1 (GEN 1,2) EN 319 411-2, 6.6.1 (GEN 1-7)			
38.4	Dersom eit kvalifisert sertifikat for eit elektronisk segl er blitt tilbakekalla etter første aktivering, skal det miste gyldigheita frå tidspunktet for tilbakekallinga, og statusen skal ikkje under nokon omstende gjenopprettast.	EN 319 411-1, 6.3.9 (4) EN 319 411-2, 6.3.9			
38.5	Medlemsstatane kan fastsetje nasjonale reglar for mellombels	EN 319 411-1, 6.3.9			

38.5 a)	oppheving av kvalifiserte sertifikat for elektroniske segl på følgjande vilkår: - dersom eit kvalifisert sertifikat for eit elektronisk segl er blitt mellombels oppheva, skal sertifikatet miste gyldigheita i opphevingsperioden;	EN 319 411-2, 6.3.9			
38.5 b)	- opphevingsperioden skal gå tydeleg fram av sertifikatdatabasen, og i opphevingsperioden skal statusen som mellombels oppheva vere synleg gjennom tenesta som formidlar opplysningar om statusen til sertifikatet.	EN 319 411-1, 6.3.9 EN 319 411-2, 6.3.9			